



Multiconsult  
Bent Stensaker

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3594 - 15/21137

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

24.11.2015

## Nabomerknad til søknad om dispensasjon frå plankrav for utfylling av sjø - gbnr. 1/57 i Meland kommune

Det vert vist til nabomerknadar fremja gjennom brev frå Johan Martin Jacobsen mfl. til Multiconsult AS datert 25.10.2015 (med kopi til Meland kommune). For god ordens skuld følgjer brevet vedlagt.

I samband med nemnde nabomerknadar gjer kommuneadministrasjonen merksam på at kommunen ikkje har høve til å handsame søknaden om dispensasjon før merknadane er kommentert av søkjar, saml. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 21-2 fjerde ledd, endre punktum:

*«Eventuelle merknader fra naboer eller gjenboere, samt en redegjørelse fra søker for hva som eventuelt er gjort for å imøtekomme disse, skal vedlegges.»*

Søkjaren har sjølv sagt ikkje plikt til å komme til eining med naboane, men lova krev uansett ei skriftlig skildring frå søkar om kva som er gjort for å ta omsyn til føreliggjande merknadar, eventuelt ei grunngjeving for kvifor det ikkje er grunnlag for å imøtekomme dei aktuelle naboane.

Søknaden kan altså først takast opp til endeleg handsaming når kommunen har mottatt søkjaren sine kommentarar til dei mottekne nabomerknadane.

I tillegg har Fylkesmannen i Hordaland gitt uttale til føreliggjande søknad om dispensasjon, jf. vedlagte brev av 18. dm. Administrasjonen vil difor oppmode søkjaren om òg å kommentere denne uttalen.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedlegg:**

Gudmundsholmen nabovarsel

Følgeskriv

Forslag til plassering av hall 1

Forslag til plassering av hall 2

Areal utfylling 15000 m2

Meland – Gnr. 1 bnr. 57, 284 - Flatøy – uttale til dispensasjon til utfylling i sjø

**Kopi til:**

Anny Bastesen

Tore Johan Erstad

Frank Mohn Flatøy AS

**Mottakere:**  
Multiconsult

Bent Stensaker